

Årsmelding for Holsen og Haukedalen sokn 2024

Soknerådet har vore samansett slik:

Leiar:	Bodil Øvsthus Frøysland, Haukedalen
Nestleiar:	Laila Marie Nydal, Holsen
	Gunn Alise Heimestøl, Holsen
	Nils Asbjørn Gjerland, Haukedalen
	Øystein Holsen, Holsen
	Anne Berit Holsen, Holsen
1. varamedlem:	Gert Runar Rørvik, Haukedalen
2. varamedlem:	Bertel Eivind Flaten, Holsen
3. varamedlem:	Anne Grethe Steinfeld, Haukedalen
4. varamedlem:	Karin Annbjørg Øverli Grøneng, Haukedalen
5. varamedlem:	Gro Helen Reiersgård, Holsen

Medlemer i andre råd og utval:

Sunnfjord Kyrkjeleg fellesråd: Nils Asbjørn Gjerland
Varamedlem: Øystein Holsen

Kyrkjelydsbladet Helg og Heim: Bodil Frøysland
Varamedlem: Laila Nydal

Trusopplæringsutvalet: Gunn Alise Heimestøl
Varamedlem: Bodil Frøysland

Stiftinga Grovene: Gert Runar Rørvik
Vararepresentant: Bertel Eivind Flaten

Andre nemnder i heile perioden:

Diakoninemnd i Holsen: Hallbjørg Sveum og Inger Lise Vallestad
Diakoninemnd i Haukedalen: Bodil Støfring og Erna Myren

Blomering Holsen kyrkje: Hallbjørg Sveum (fram til 31. desember 2024), Møyfrid Vallestad og Gunn Heimestøl

Ansvar for blomar på altaret i Haukedalen: Bodil Ø. Frøysland

Tilsette i kyrkjelydane:

(Sekretærane deler stillinga si mellom kontora i Jølster, Gaular og Naustdal)

Diakoniarbeidar	Anita Ø. Rusken	100%
Kateket/leiar for trus-opplæringa	Heidi V. Styve	100%
Kantor	Gro Gunnarson	100%
Teamleiar sekretær/ Jølster	Toril Anita Øye	100 %
Sekretær/ Gaular	Joy Taylor	100%
Sekretær/ Naustdal	Sigrun Solheim Savland	70%
Driftsleiar	Ingvar Vagstad	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100%
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100%
Kyrkjelydspedagog	Ute Lindner	100%
Kyrkjeverje	Sissel Vartdal	100%
Økonomileiar	Trond Herløvsund	70% (sjukemeldt)

Kyrkjetenar/klokkar i Haukedalen	Bodil Øvsthus Frøysland	7%
Kyrkjetenar/ klokkar i Holsen	Eline Styve	6,2%
Reinhaldar Holsen kyrkje	Jorun Helga Holsen	5,5%

Bispedømet:

Prost	Knut Magne Nesse
Sokneprest	Ingvald Andersen Frøyen
Prest	Carsten Langeland
Prest	Fredrik Bråttvik

Det er fleire tilsette i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd etter kommunesamanslåinga i 2020. Det medfører at personar jobbar meir på tvers av soknegrensene enn tidlegare. Andre personar vil difor også kunna verta involvert i saker som gjeld Holsen og Haukedalen.

HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN – Statistikk for året 2024

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Døypte eigne	7	2	5	4	2	1	1
Deltakande på søndagsgudstenester	1703	1349	847	782	976	1152	1279
Deltakande på andre gudstenester	128	120	0	177	227	128	165
Deltakande på gudstenester totalt	1831	1469	847	959	1203	1270	1414
Tal søndagsgudstenester	33	33	28	27	30	33	33
Tal andre gudstenester	2	2	0	3	4	2	3
Tal gudstenester med nattverd	18	20	13	12	9	10	10
Totalt tal på deltakarar til nattverd	216	241	119	98	139	97	95
Tal gudstenester totalt	35	35	28	30	34	35	36
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	52	42	30	32	35	39	39
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	52	38	30	29	32	35	39
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjester	12	12	9	8	15	9	9
Tal konfirmantar	5	4	3	7	7	9	6
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	50.343	54.145	28.116	26.717	46.094	43.771	38144??
Innmelde	0	0	0	0	0	0	0
Utmelde	0	0	0	0	0	1	0
Vigslar	1	0	2	0	0	0	0
Gravferder	2	7	2	4	7	7	4

Helsing frå sokneprest Ingvald Andersen Frøyen
Sjå vedlegg

Arbeid og aktivitet i soknet i 2024

I 2024 har soknerådet hatt 6 møte og handsama 44 saker. Soknerådsmøta vore haldne vekselvis i Holsen skule, Frøysland skule og Holsen kyrkje.

Hausten 2024 reduserte soknerådet talet på møte til 2-3 i halvåret. Rådet ynskjer å ha eitt møte i kvar av kyrkjene i løpet av året og elles leiga møterom på skulane.

Aktivitet i kyrkjelydane gjennom året

Januar:

- 07.01 Gudsteneste Haukedalen 15.00. Minnegudsteneste
- 11.01 Soknerådsmøte Holsen
- 14.01 Gudsteneste Holsen kl 15.00. Minnegudsteneste
- 20.01 Familiedag Holsen for begge bygdene der 17 barn med følgje møtte til ei samling med mat, bibelfortelling, aktivitetar og leikar. Born 4 og 5 år gamle samt 5. klassingar var inviterte til å få bok på samlinga.
- 28.01 Gudsteneste Haukedalen kl 15.00.

Februar:

- 10.02 Vi-over-60-fest på Holsen. Kåseri ved Ingvald Frøyen, bordkonkurransse, allsong. Song og musikk ved Gunnar og Rønnaug Bolset og Odd Schei. Betasuppe og deretter kaker og kaffi. Det var godt oppmøte med ca 50 personar på festen.
- 11.02 Gudsteneste Holsen kl 15.00
- 25.02 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00
- 29.02 Soknerådsmøte Haukedalen

Mars:

- 10.03 Gudsteneste Holsen kl 11.00. Dåp og utdeling av bøker til 6- og 7-åringar (4 bøker delt ut). Kyrkjekaffi og årsmøte i kyrkja etter gudstenesta.
- 19.03 Skulegudsteneste Haukedalen kyrkje kl 12.30
- 28.03 Påskekudsteneste skjærtorsdag i Haukedalen kl 19.00, med nattverd. Sissel Gjerland Ekra song. Gudsteneste med heile påskeevangeliet som tema. Gode tilbakemeldingar om fin gudsteneste, 46 deltakarar.
- 31.03 Gudsteneste påskedag Holsen kl 15.00. Kyrkjekaffi, 15 deltakarar.

April:

- 11.04 Soknerådsmøte Holsen kyrkje
- 14.04 Gudsteneste Haukedalen kl 15.00. Utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.
- 28.04 Gudsteneste Holsen 11.00

Mai:

- 17.05 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00 og Holsen kl 12.15. Oddmund Frøysland spela trekkspel til salmane i Haukedalen. Skuleelevar deltok med song på Holsen.
- 19.05 Gudsteneste Holsen kl 11.00 med konfirmasjon. 3 konfirmantar.
- 26.05 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00 med konfirmasjon. 3 konfirmantar.

Juni:

- 05.06 Soknerådsmøte Haukedalen
- 06.06 "Song mot sommaren" i Haukedalen kyrkje kl 19.00. Variert musikalsk program, verbalt innslag, allsong og kringle til kaffien etterpå. Det var godt oppmøte med ca 55 personar.
- 09.06 Gudsteneste Holsen kl 15.00

- 24.06 Jonsokgudsteneste Haukedalen kl 19.00. Soknerådet laga til kyrkjekaffi etter gudstenesta. Godt oppmøte og kyrkjekaffi ute.
- 30.06 Felles friluftsgudsteneste saman med Viksdalen på Rørvikfjellet, vart flytta til Viksdalen kyrkje pga dårleg vêr.

Juli:

- 21.07 Stølsmesse Haukedalen kl 12.00 på Årskogstølen. Kåre Fauske var liturg, Oddmund Frøysland spela trekkspel. Godt oppmøte i fint ver, 36 deltakarar.

August:

- 04.08 Stølsmesse Holsen kl 12.00 på Gulefjellet. Diakon Anita Ø. Rusken var liturg. Vått vêr, 11 deltakarar.
- 18.08 Gudsteneste Haukedalen kl 19.00. Konfirmantpresentasjon (1 konfirmant)
- 29.08 Soknerådsmøte Holsen

September:

- 01.09 Gudsteneste Holsen kl 11.00. Konfirmantpresentasjon (4 konfirmantar). Velkommen til ny kyrkjetenar Eline Styve.
- 29.09 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00. Mikkelsmesse og hausttakkefest. Kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Oktober:

- 06.10 Gudsteneste Holsen kl 15.00.
- 17.10 Konsert Haukedalen kyrkje kl 19.00. «Blott til lys» - ei konsertfortelling om Lina Sandell ved Sissel Gjerland Ekra (song og fortelling).
- 20.10 Gudsteneste Haukedalen kl 15.00.
- 24.10 Soknerådsmøte Holsen kyrkje

November:

- 07.11 «Song i hausten» Holsen kyrkje. Arrangementet vart flytta frå 31.10 grunna ekstremvêr med mykje regn. Variert musikalsk program, tankar og dikt v/ Nils Gjerland, korsong ved korgruppe samansett for kvelden, allsong og kringle til kaffien etterpå. Det var godt oppmøte med ca 50 personar.
- 10.11 Gudsteneste Holsen kl 11.00
- 24.11 Gudsteneste Haukedalen kl 11.00.

Desember:

- 03.12 Skulegudsteneste Haukedalen kl 10.00
- 08.12 Lysmesse Haukedalen kl 16.00. Konfirmanten deltok.
- 08.12 Lysmesse Holsen kl 19.00. Konfirmantar deltok.
- 24.12 Gudstenester Holsen kyrkje kl 12.00 og Haukedalen kl 14.00. Trekkspelmusikk i begge kyrkjene grunna mangel på kantor. Jøran Vallestad spela i Holsen kyrkje og Oddmund Frøysland i Haukedalen kyrkje
- 28.12 Juletreff Haukedalen kl 14.00 felles for begge bygdene, arrangert av soknerådet. Tradisjonell juletreff med julefortelling, songgruppa song, nissebesøk, gang rundt juletreet, quiz og matøkt. Soknerådet hadde bedt om at kvar husstand tok med eit fat/ei korg med mat til felles matbord. Godt oppmøte (ca 70 personar).

Gudstenester

Dette året har gudstenestene vorte gjennomført etter oppsett gudstenesteplan.

Kyrkjemusikk

Det er ikkje tilsett ny kantor etter at Miguel Espinoza Chavez slutta i stillinga som kantor i Førde og Holsen/Haukedalen 1. april 2022. Det har vore fleire personar som har delt på å spela på gudsteneste i vårt sokn også i 2024. På 17. mai og julafta har lokale krefter måtte hyrast inn i våre

kyrkjer grunna mangel på kantor. Mange gudstenester har vore kl 15.00 fordi kantor spelar på gudsteneste andre stader kl 11.00 same søndagen.

Musikk-arrangement og konsertar

I 2024 har det vore ”Song mot sommaren” i juni i Haukedalen kyrkje og ”Song i hausten” i november i Holsen kyrkje. Begge gongene var det godt oppmøte (55-60 personar) og gode tilbakemeldingar både frå musikarar, songarar og publikum. Soknerådet ynskjer at dette skal verta eit fast arrangement med veksling mellom kyrkjene (Haukedalen før sommaren, Holsen på hausten).

Sissel Gjerland Ekra hadde konsertforteljing om Lina Sandell sitt liv og hennar songar i Haukedalen kyrkje i oktober.

Konfirmantjubleum

Det vart ikkje arrangert konfirmantjubleum i 2024.

Planen er å invitera til konfirmantjubleum kvart andre år, for to årskull om gongen. Me vekslar på å ha det i Holsen og Haukedalen.

Misjonsavtale

Soknerådet inngjekk misjonsavtale med NMS i 2015. Me støttar arbeidet i Estland.

Det var to ofringar i kvar kyrkje til misjonsprosjektet i 2024.

Opprusting/vedlikehald kyrkjene

- Ny trapp til sakrestiet i Haukedalen kyrkje og ny gangsti til trappa var ferdig til konfirmasjonsgudstenesta i slutten av mai.
- Dugnad på kyrkjegarden på Holsen våren 2024, også dette året eit samarbeid mellom grendalaget på Holsen og soknerådet. I Haukedalen var det også dugnad før 17. mai slik at det var fint til festdagane i mai.
- Nye flomlys Haukedalen kyrkje
- Skifta tak servicebygg Holsen
- Elveforebygging Haukedalen kyrkje utbetra
- Nytt skinn på knefallet altarring Holsen kyrkje
- Skore ned bjelke i golvet Holsen kyrkje (framom fremste benk og bak ved orgelet)

Diakoninemndene sitt arbeid

Holsen (skrive av Inger Lise Vallestad):

Diakoninemnda har i år og levert blomsterhelsinga til jubilarer frå 70 år og oppover.

I år har det fordelt seg slik:

70 år- 4

75 år- 3

80 år- 2

90 år- 2

I alt 11 åremåls dager.

I tillegg var vi med å hjelpte til på Vi-over-60-festen i februar.

Diakoninemnda har i år bestått av Hallbjørg Sveum og Inger-Lise Vallestad.

Vi har hatt 2 telefon møter der vi har fordelt jubilarer.

Haukedalen (opplysningar frå Erna Myren):

Diakoninemnda i Haukedalen har delt ut 5 blomhelsingar i 2024. Dette har vore til tre personar 70 år, ei person 85 år og ein person 90 år.

Diakoninemnda i Haukedalen har vore Erna Myren og Bodil Støfring i 2024.

Holsen og Haukedalen sokneråd har bestemt at diakoninemndene sitt arbeid med blomhelsingar til jubilarer vert avslutta frå 31.12.2024. Det vil såleis ikkje verta delt ut blomhelsingar til jubilarer frå januar 2025.

Soknerådet vil i staden for å kjøpa blomar heller bruka tid og ressursar på samlingar og sosiale møtepunkt for aldersgruppa. Det vil framleis verta arrangert Vi-over-60-fest kvar vinter og samlingane ”Song mot sommar” og ”Song i hausten” i kyrkjene held fram.